

## Saksframstilling: Emisjon i Gløde Utvikling AS (org 963 399 243)

Sak til kommunestyret 15.08.2023 og kommunestyremøte i Alver Kommune 22.06.2023

Glødekonsernet har over tid drøfta kapitalutviding i selskapet med leiinga i kommuneadministrasjonen og ordførar. Saken er behandla i formannskapet i juni 23 som stiller seg positivt til at Alver kommune skyter inn 3 millionar i aksjekapital i selskapet.

Viser også til tidlegare saksframstilling i saken.

Glødekonsernet har hatt nokre svært krevjande år som følje av pandemi, tapt omsetnad innan våre kjerneområde, samt redusert deltakartal i AFT-tiltaket. Dei kommunalt finansierte tiltakslassar i Gløde har gått med underskot i fleire år som har bidratt til vanskeleg økonomi i selskapet. Gløde har fått lovna i møte med kommunaldirektør og ordførar at dei vil betre satsane for dei kommunale tiltakslassane slik at dei vert fullfinansierte.

Det er i seinare år iverksett ei rekke tiltak for å betre økonomien og vi ser at vi no er på rett kurs, men det tar tid å snu økonomien og derfor vil ein kapitalutviding vere ein god hjelpe for selskapet. Prognose for inneverande år synar at det ligg an til eit underskot i Gløde AS også i 2023. Drifta i morselskapet går med overskot, men er, og kan bli, påført tap når aksjekapitalen har vert redusert i datterselskapet.

Utfordringa er størst i datterskapet Gløde AS. Resultatrekneskapen viser at Gløde AS har hatt betydelege underskot siste åra som har tært på selskapets sin eigenkapital. Gløde jobbar derfor for å få tilført kapital for å sikre drifta. Driftsresultatet i Gløde Utvikling AS var positivt i 2023, men pga. redusert aksjekapital førte dette til underskot også i morselskapet.

Gløde AS ble pga. godkjenningsregler i Nav delt i to selskap i 2022 og består nå av morselskapet Gløde Utvikling AS (vidareføring av tidlegare selskap) og nyopprettet datterselskap, Gløde AS.

Attføringsverksemda, tilsette og produksjon, ble 1. Februar 2022 overdratt til datterselskapet Gløde AS, og morselskapet gjekk inn med 4,1 mill. i aksjekapital i selskapet.

Status pr. 1.8.2023 er at store deler av eigenkapitalen i Gløde AS er tapt pga. underskotet og selskapet må tilførast ny kapital. Aksjekapitalen på 4,1 mill som morselskapet Gløde Utvikling AS, hadde i Gløde AS er tilsvarende redusert og påførte underskot i morselskapet i 2022. (sjå tabell under)

ÅR	Årsresultat	Selskap	Årsresultat	Selskap
2022	- 3,2 mill	Gløde AS	-3,5 mill	Gløde Utvikling AS
2021	- 2,3 mill	Før oppdeling av selskapet		
2020	-1,1 mill	Før oppdeling av selskapet		
2019	-1,3 mill	Før oppdeling av selskapet		

### Emisjon:

Styrets anbefaling er at selskapet tilføres kapital tilsvarende tapt eigenkapital, pluss forvente negativt resultat i 2023. Tapt kapital utgjer 3,2 mill. Forventa resultat ca. -500' i 2023. Tilført kapital vil styrka likviditet og gje selskapet ein buffer slik at Gløde får tid til å komme ut av den økonomiske krisa.

Gløde Utvikling stiller seg positiv til vedtaket i formannskapet. Kapitalutvidinga i Gløde Utvikling AS skal brukast til å tilføre midlane til datterselskapet Gløde AS da det er her det er behov for likvider. Dette kan gjerast i form av ein emisjon eller som lån.

Emisjonssaka var vart behandla i ordinær generalforsamling i Gløde Utvikling 20.06.23.

Alle representantar som var til stade var klare på at dei ønskte berre det som var best for Gløde, sjølv om det inneber at deira aksjedel vert mykje mindre verdt.

Generalforsamlinga i Gløde utvikling var opptatt av at styret jobbar for å reise tilstrekkeleg kapital. Likeins var ein også opptatt av at alle eigarar vert gjeve moglegheit å gå delta i emisjon på same vilkår som Alver Kommune. Vestland Fylkeskommune ønskjer moglegheit for ein politisk behandling og neste møte i Fylkestinget, der ein kan ta stilling til dette, er ikkje før i midten av desember 2023. Generalforsamlinga så ikkje at det var eit tilstrekkeleg grunnlag for å vedta emisjonen i generalforsamlinga 20.06.23, men ønskjer eit begrunna framlegg til vedtak med beløp og aksjekurs.

Generalforsamlinga var opptatt av at det har vore ein styrke med ei brei samansetning med både kommune, fylke, lag og organisasjoner og verksemder. Det bør derfor jobbast for å oppretthalde dette på ein eller annan måte, eks. ved vedtektsfesta representasjon i styret.

#### **Vedtak i generalforsamlinga 20.06.23:**

*Generalforsamlinga er positiv til kapitalinnehenting og ber om at man kommer tilbake til saken i ein ekstraordinær generalforsamling der det vert lagt fram forslag om korleis dette skal gjennomførast.*

#### **Emisjon:**

Retta emisjon kan tidlegast vedtakast i ein ekstraordinær generalforsamling i september 2023 og krev 2/3-dels fleirtal.

I møte med øvste administrasjonsleiinga i Alver og ordførar 1.8.23 kom det fram at dei ønskjer at aksjeinnskotet vert gjennomført til dagens aksjekurs – kr 1/aksje og begrunner det med at det elles vert ein form for subsidie av drifta.

I samsvar med generalformamlingas si innstilling 20.06.2023, må alle aksjeeigarar få tilsvarende tilbod om å delta i aksjeutvidinga for å få moglegheit til å oppretthalde sin eigardel til same vilkår som Alver kommune får.

Etter vår kjennskap er det ikkje andre eigarar som så langt har ytra ønske om delta i aksjeutvidinga. Vestland Fylkeskommune ønskjer moglegheit for ein politisk handsaming og neste møte i Fylkestinget, der ein kan ta stilling til dette, er ikkje før i midten av desember 2023.

#### **Konsekvensar ved kapitalinnskot på kr. 3 mill. i Gløde Utvikling AS**

Aksjekapitalen i Gløde Utvikling AS er per i dag kr. 166 900,-, kvar aksje pålydande 1 kr.

**Alver kommune vil etter emisjonen gå frå 85734 aksjar og 51,39% eigardel til 3 085 734 aksjar og 97,437 % med mindre andre eigarar tar del i kapitalutvidinga.**

Eigar	Aksjer	Noverande Eigardel %	Ny aksjekapital	Ny eigardel i %
Alver kommune	85734	51,39	3085734	97,437 %
Hordaland Fylkeskommune	11841	7,09	11841	0,374 %
Meland lokallag NFU	10000	5,99	10000	0,316 %
Framo Flatøy AS	8960	5,37	8960	0,283 %
Norges Handikapforbund Meland	8000	4,79	8000	0,253 %
Sparebanken Vest	5920	3,55	5920	0,187 %
Meland Helselag	6000	3,59	6000	0,189 %
Austrheim Kommune	4559	2,73	4559	0,144 %
Helge Vidar Larsen	4000	2,40	4000	0,126 %
Masfjorden Kommune	3375	2,02	3375	0,107 %
Norsk Hydro	2960	1,77	2960	0,093 %
Steinar Knudsen	2000	1,20	2000	0,063 %
Karl G Oppsahl	2000	1,20	2000	0,063 %
Per Sæthre (etterkommere)	2000	1,20	2000	0,063 %
Ingvald Bastesen	2000	1,20	2000	0,063 %
Johan Alv Andersen	2000	1,20	2000	0,063 %
Gunnar Vetlejord	2000	1,20	2000	0,063 %
Equinor Mongstad	1776	1,06	1776	0,056 %
Fedje Kommune	1539	0,92	1539	0,049 %
Adv. Olav Jordal (død i 2008)	118	0,07	118	0,004 %
Nordhordland Handverk og Industrilags	118	0,07	118	0,004 %
<b>Totalt</b>	<b>166900</b>	<b>100%</b>	<b>3166900</b>	<b>100 %</b>

Frekhaug 04.08.2023

Nils Marton Aadland  
Styreleiar

Thomas Knudsen  
Dagleg leiar